

Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/6861-1

Yrkesval 2.0 - Omdømmeprojekt

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:

Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen løyver mildar til prosjekt Yrkesval 2.0 i samsvar med finansieringsplan som ligg føre i prosjektsøknaden med kroner 275.000 i 2015 og kroner 275.000 i 2016 under følgjande føresetnader:
 - a. resterande finansiering er på plass
 - b. opplæringskontoret sitt samarbeidsutval – OKSU - vert eigar av prosjektet
 - c. fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval saman med leiar i OKSU vert styringsgruppe for prosjektet
2. Den fylkeskommunale løyvinga vert finansiert over ekstramidlane for fagopplæring.

Vedlegg: Prosjektsøknad frå OKSU

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Opplæringskontora sitt samarbeidsutval – OKSU - søkte i mai 2014 om midlar til eit omdømmeprojekt for yrkesfag. I møte 21.05.2014 gjorde fagopplæringsnemnda slikt vedtak i sak 10/14:

Bruk av tiltakspakke- ekstramidlar fagopplæring 2014.

Det vert det sett av 150.000 til forprosjekt til prosjekt om omdømmebygging yrkesfag. Fagopplæringsnemnda er prosjekteigar, og arbeidsutvalet vert styringsgruppe for prosjektet. Leiar i opplæringskontora sitt samarbeidsutval skal sitje i styringsgruppa. Forprosjektet skal vera avslutta til 1. oktober 2014. Eventuelt hovudprosjekt skal leggjast fram for fagopplæringsnemnda i oktobermøtet.

OKSU har gjennomført forprosjekt og lagt fram søknad om hovudprosjekt jamfør vedlagt søknad.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren vurderer søknaden om hovudprosjekt til å vera godt gjennomarbeida og med klart definerte målgrupper. Prosjektet er i tråd med sentrale føringar om å styrke rekrutteringa og omdømet til yrkesfaga. Fylkesdirektøren vurderer vidare at det vil vera avgjerande at prosjektleiar har relevant kompetanse og erfaring gjerne innanfor yrkesfag.

Arbeidsgjevaransvaret kan liggja til NHO eller eit av opplæringskontora.

Når det er gjeld finansieringa av prosjektet meiner fylkesdirektøren det bør vere ein klar føresetnad at dei andre finansieringsmidlane er på plass før fylkeskommunen kan gå inn med midlar. Prosjektsøknaden gjeld 2015 og 2016. Ei eventuell medfinansiering frå fylkeskommunen må difor finansierast i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet. Fylkesdirektøren rår til at ei eventuell løyving vert dekkja over ekstramidlane til fagopplæring.

Vedtaket i sak 10/14 la til grunn at fagopplæringsnemnda skulle vere prosjektleiar og arbeidsutvalet for fagopplæringsnemnda saman med leiar i OKSU skulle vere styringsgruppe for forprosjektet.

Oppgåvene til fagopplæringsnemnda går fram av §12-4 i opplæringslova. Fagopplæringsnemnda skal først og fremt vera eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som angår fag- og yrkesopplæring. Med bakgrunn i dette finn ikkje fylkesdirektøren det naturleg at fagopplæringsnemnda står som prosjekteigar. Det er OSKU som står som søker av prosjekt og fylkesdirektøren vil rå til at OKSU vert eigar av hovudprosjektet. Styringsgruppe vert fagopplæringsnemnda sitt arbeidsutval saman med leiar i OKSU.

Fylkesdirektøren ser det som viktig at Yrkesval 2.0 vert sett i samanheng med andre tiltak for å styrke fag- og yrkesopplæringa.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at søknaden om midlar til Yrkesval 2.0 vert støtta under dei føresetnader som går fram av saksutgreiinga.